



DEN NORSKE KYRKJA

Kinn sokneråd

Særutskrift for Kinn sokneråd

Tid: 21.10.2014

Kinn sokneråd har i møte den 21.10.2014 hatt denne saka til handsaming:

2014/56 Høyring stat/kyrkje

VEDTAK

Kinn sokneråd ynskjer å komme med nokre merknader til høyringa.

§2 Ny setning: «Hvert sokn skal vere betjent av prest...» Soknerådet finn at dette er ein god og formålstjenleg måte å sikre lokalkyrkja presteteneste i framtida.

§34 Kinn sokneråd tykkjer det er viktig å skape rom for ei fagleg forankra presteteneste i kyrkja og meiner at setninga «All presteteneste skal organiseres slik at prestene kan utøve sin teneste i samsvar med ordinasjonens forutsetninger og forpliktelser», sikrar dette.

Ved etableringa av rettssubjektet «den norske kyrkja» er det viktig å halde på balansen mellom den sentrale og lokale kyrkja. Viktig ikkje å bygge opp eit stort kyrkjeleg byråkrati.

Ved omorganiseringa er det viktig å sikre arbeidstakarane i kyrkja sine rettar. Viktig at kyrkja er ein trygg og tydeleg arbeidsgjevar. Dette er særskilt viktig i ei tid der vi har store utfordringar med å rekruttere til kyrkjeleg teneste.

Kinn sokneråd finn det klokt å halde på den økonomiske modellen der «staten» dekkjer utgiftene ved somme oppgåver og «kommunen» somme. Vi ser dette som ei naturleg forståing av §16 i grunnlova der det heiter «forblir Norges folkekirke og understøttes som sådan av staten.»

Signe Marie Landøy
Kinn sokneråd
Signe Marie Landøy